SAMNANGER KOMMUNE

Høyringsutkast

Forskrift om satsar for grunntilskot til private ordinære barnehagar i Samnanger kommune for tilskotsåret 2027

Fastsett av Samnanger kommunestyre (dato) i sak (saksnummer) med heimel i lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar (barnehagelova) §§ 19 og 19a og forskrift 23. mars 2026 nr. 454 om finansiering av private barnehagar (finansieringsforskrifta) § 1, jf. § 6 og § 17 første ledd og § 18 første ledd.

§ 1 Verkeområde

Forskrifta fastset satsar for grunntilskot til private ordinære barnehagar i Samnanger kommune for tilskotsåret 2027.

Forskrifta gjeld private ordinære barnehagar i Samnanger kommune som har rett til kommunalt tilskot etter barnehagelova.

§ 2 Satsar for grunntilskot

Grunntilskotet blir fastsett per heiltidsplass etter desse satsane:

Aldersgruppe:	Sats per heiltidsplass:
Born under 3 år (0 – 2 år)	kr 302 525
Born over 3 år (3 – 6 år)	kr 160 207

For ordinære barnehagar skal kommunen fastsetje sats for born over tre år og ein sats for born under tre år, der born under tre år skal vektast 1,8 gonger høgare enn born over tre år.

§ 3 Ekstra grunntilskot

Satsen for ekstra grunntilskot er kr 0 per heiltidsplass for tilskotsåret 2027.
Kommunen har ikkje identifisert kostnader som gir grunnlag for ekstra grunntilskot i 2027.

§ 4 Grunnlag for satsane

Satsane i § 2 er rekna ut med utgangspunkt i Samnanger kommune sin rekneskap for 2025.

Berekninga byggjer på ordinære driftsutgifter i kommunale ordinære barnehagar, med dei frådraga og korrigeringane som følgjer av barnehagelova og finansieringsforskrifta.

§ 5 Justering av satsane

Satsgrunnlaget er indeksregulert med kommunal deflator.

Satsane kan justerast dersom endringar i nasjonale føresetnader etter finansieringsforskrifta får direkte verknad for satsane.

Ei justering skal avgrensast til den direkte økonomiske verknaden av endringa. Justeringa skal ikkje innebere ei ny vurdering av berekningsgrunnlaget.

§ 6 Dokumentasjon

Samnanger kommune skal dokumentere grunnlaget for berekning og fastsetjing av satsane.

Det fullstendige berekningsgrunnlaget skal vere etterprøvbart og tilgjengeleg for private barnehagar i kommunen og andre som har rett til innsyn etter gjeldande reglar.

UTKAST

§ 7 Enkeltvedtak om kommunalt tilskot
Samnanger kommune fastset tilskotet til kvar einskild private barnehage i enkeltvedtak etter barnehagelova og finansieringsforskrifta.

Enkeltvedtaket skal byggje på satsane i § 2 i denne forskrift og reglane som elles gjeld for kommunalt tilskot til private barnehagar.

Vedtaket kan klagast på etter reglane i forvaltningslova.

§ 8 Iverksetjing
Forskrifta tek til å gjelde 01.01.2027 og gjeld for tilskotsåret 2027.

UTKAST